



Olje- og energidepartementet
Postboks Postboks 8148, Dep.

0033 OSLO

Vår ref.
10/1862/S10/BEOS/70258820

Dykkar ref.

Dato:
01.02.2011

Særutskrift: Elsertifikat - høyringsuttale

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

FS-010/11 Vedtak i Norddal formannskap 31.01.2011:

Formannskapet i Norddal kommune vil gje følgjande kommentar til Lov om Elsertifikat:

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Norddal kommune ser behovet for klima vennleg energi og framtidsretta næring, og er samd med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skape grunnlag for slik satsing.

Norddal kommune har allereie lagt til rette for slik satsing og så vel småkraftverk som mindre kraftverk er utbygd etter 2004. Dei som har bygd har gjort det med eigne midlar og ressursar. Dette har vore store løft for den einskilde utbyggjar. Ei viktig forutsetning for desse utbyggingane har vore lovnadar frå sentrale politikarar og skiftande regjeringar om at kraftverk bygd etter 1.1.2004 ville få høve til å delta i elsertifikatordninga når den skulle kome.

Slik som forslaget no er utforma vil det største kraftverka dvs. dei som er på 2.2 MW ikkje kunne ta del i ordninga, og det til tross for dei lovnadar som er gitt. Dette vil i Norddal kommune setje eit kraftverk i ein vanskeleg økonomisk situasjon både på grunn av bortfall av inntekter frå elsertifikata, men og på grunn at denne innføringa vil kunne medføre at ordinære kraftprisar går ned. Dette betyr at dette kraftverket må vere med på å dekke kostnadane ved å nå målet i elsertifikatmarknaden, uten at det sjølv får delta.

Formannskapet i Norddal kommune ber difor om at alle kraftverk som er igangsett etter 1. januar 2004 vert gjort berettiga for elsertifikat.

Bente Klakken Osvik
konsulent

Kopi til:
Småkraftforeninga Boks 123, Lilleaker 0216 OSLO



Norddal kommune

Servicetorget

– ein
verdsarvkommune

Postadr.:
Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside
post@norddal.kommune.no
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks
70 25 88 00
70 25 88 01

Bankgiro:
4020 07 00122

Organisasjonsnr.
939 396 268